

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18.

Fylke: Nordland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Kjerringøy og Meløy.

Emne: Juletre og julehalm.

Bygdelag: Os, og Bjerangen.

Oppskr. av: Lærrar E. Tidemann.

Gard: Stranda

(adresse): Kjerringøy.

G.nr. 46

Br.nr. 5 i Kjerringøy.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Mest etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Eg er fødd ~~XX~~ 25. mars 1883, er f. t. bonde.

SVAR

1. Ne er det vanleg skikk og bruk at kvar huslyd har sitt juletre, iminste der det er barn. Men om det ikkje er barn er der oftast luletre. Ne kan det og koma noko av at det her i bygda er lett å få tak i bartre då her allti har vakse furu. Derimot gran er planta og det er først i dei dei siste 15-20 åra den slag tre er nytta til juletre. I barneheimen min vart det ikkje bruka juletre, då gardsen var heilt fri for bartre. Men der og er ne planta gran og juletreet er kome i bruk ne der med.

2. Å nemne kva år det var vi i barneheimen min hadde det først juletreet er heilt uråd, men det var ikkje før eg var konfirmert. Men rundt den tida d. v. s. ikring hundre-årskiftet. Vi unge hadde då høyrd om at i dei andre gardane hadde dei staselege juletre med ljøs og mykje anna pynt. Vi gnydde på mor og far om at vi og måtte få juletre, og så lenge gnåla vi at far til slutt leva at om vi gutungar ville lage tre skulle han kjøpa ljøs og noko anna pynt. Eg minnst at Johan og eg var i fjellet etter eine og vi to laga så til treet av ein bjørkestav og ein nekvislar.

3. Det var i heimane at juletreet først kom i bruk. Det er først i dei seinare åra at vi her ikring har tatt til å bruka juletre på festar og i kyrkja. Den f var det fri-lynde ungdomslaget som her gjekk i brådden. Sidan kom andre med, slike som sundagsskulen, misjonslaga og liknande. Sisst kom kyrkja. Her i bygda må ein nek seia at juletreet kom frå heimane til festar og kyrkja.

4. Det er jo vanleg skikk og bruk at bus og heim vert pynta opp til jul. Men det å pynta med furu eller granbar på nokon særskild måte i jula fram om andre tider har ikkje vere i bruk i bygdene her, heller ikkje det å pynte med halmkrøner.

5. Julestua vert pynta og stelt best ein kan anten ein har juletre eller ikkje.

6. Kor stort juletreet skal vera kjem alt ann på kor stor stua er og kor mykje folk som så å seia søknar til treet. Ein einsleg person eller eit einslegt parr har gjerne eit lite tre som vert sett på ein stol eller eit bord. Det kan vera ei alen eller ein meter høgt. Ein huslyd på 5-6 lemer har oftast eit juletre på eit par meter og eit juletre i eit ungdomshus, eit bedehus eller i kyrkja er 3-4 meter høge.

7. På eit juletre må der først og fremst vera lys, di fleire di betre. Vidare må der vera noko som skal minna om vinter.

2
Det er vel helst bønuld som vert bruka til det. Så er der ynse glaskuler som skal minne om frukter av ynse slag. Dei som har råd til det henger og epler og sune tider og apelsiner. Vidare vert det henga opp flagg og glitterstas og på toppen, anten ei stjerne eller eit spir.

8. Det er som oftast dei vaksne som pyntar jøletreet då dei ynse ting må bli handsama sers varsamt, men barna får vera med. Dei vert ikkje stenga borte frå det arbeidet meir enn med anna arbeid i huset.

9. Er jøletreet så pass som 1,5 m. eller meir står det på ein serskild laga fot fritt på golvet. Men er det eit lite tre vert det som oftast sett på ein stol, eller er det retteleg lite på bordet.

I dei siste 15-20 åra er det blitt vanleg skikk og bruk å gi jølegåve: Desse vert pakka fint inn og lagt under jøletreet.

10. Dei fleste reknar med at jøla (helga) tek til klokka 18 jøleftan. Då skal alt vera undagjort til helga. Jølematen vert boren på bordet og det første matmålet i helga vert eten. Så vert lysa på jøletreet tendra og jølegåvene leita fram. Barn og ungdomar har sette ned augo på stilkar. No får dei utløyning. Om det no i lyden er barn og- eller halvaksne vert jøletreet sett niot på golvet, lyden slår ring om treet, går rundt og syng jølesongar og salmar, slike som: " Her kerner dine arme små, " "Jeg synger julekvad, " "No kona Guas englar med helsing i sky, " "Du grønne glittrende tre goddag, " "XX "Et barn er føet i Betlehem, " "Kling no klokka, ring og løkka, " og anare slike.

Om jøletreet skal bli tendt på andre dagar enn jøleftan kjen alt ann på høvet, her er ikkje nokon fast skikk. Men er det jølelag, det same om det er for barn eller vaksne kan det henda at lysa på jøletreet vert tendra.

Jøletreet kan bli ståande i stua til kyndelsnes, det er siste jøledagen i året.

13. Det har ikkje vere nokon skikk å pynte jøletreet med etande saker om det kanskje av og til kan ha henda. Derfor har det ikkje vorte s k i k k å hauste jøletreet.

14. Det er helst gran som vert nytta til jøletre. Men har ein ikkje det vert furua nytta. Her i bygda er det helst furu. Men sidan grana vart planta og vart stor nok er det den som gjev jøletre til dei som då har det slaget.

15. Eg har evafor nemnd korleis eg var med i min barneheim og laga jøletre av eine. Men her i bygda har det ikkje vere treng til det, for her har til alle tider vere furu nok.

16. Det har ikkje her i bygda vere skikk å sette opp tre utanfor huset i jøla. Dei som ikkje har livande tre att med stua, eller husa, festar jøleneket anten med ein tråd over låvedøra eller fjøsdøra, eller dei festar kornbandet på ein staur og stappar denne fast i snøen. halm/

1, 2, 3 og 4. Berre ein einaste gong har eg sett på stuegolvet i jøla. Eg var då kanskje 7-8 år gamal. Det var ein huslyd som var flytta inn på grannegården til barneheimen min. Der var halmen boren inn i fangar og lagt laust og jant ut over golvet. Men om huslyden sov i halmen jølenatta trur eg ikkje. Eg kan endå minnest at eg såg ungane på gården bar inn fangar med halm jøleeftan, men kva tid han vart boren ut gædde eg ikkje.

Kjerringøy i mars 1950.

4453

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Kjetil Tidemann.